

Q1

## Avtale mellom eigar av gnr,23 bnr.117 Jens Bjordal og gnr.23 bnr.112 eigar Sofie Hagen Skauge.

Det er semje om at det skal byggjast eit rekkverk/gjerde i grensa mellom desse to eigedomane. Rekkverket vert av tre og skal oppførast i ei høgd på om lag 1,50m og i samsvar med vedlagde teikningar.

Tiltaket er søknadspliktig etter Plan-og bygningslova. Det er semje om at eigar av bnr. 117 Jens Bjordal syter for å byggjemelde tiltaket. Gebyr for godkjenninga til kommunen delast likt mellom partane.

Kostnaden med oppføringa av tiltaket skal delast likt mellom eigarane. Arbeidet som den einskilde utfører skal vera kostnadsfritt for partane. Arbeidsmengda skal fordelast så likt som det er råd å få til.


Vedlikehaldet av gjerde/rekkverket skal delast likt mellom partane. Dvs. kvar eigar syter for vedlikehald og stell på sin side av tiltaket frå sin eigedom og det som er felles vert utført i fellesskap eller på den måten partane vert samde om. Kostnadene med vedlikehaldet delast då likt mellom partane.

Denne avtalen kan tinglysast som hefte/plikt på kvar eigedom.

Frekhaug 20.februar 2019.

Eigar av gnr. 23 bnr. 212

Sofie Hagen Skauge



Eigar av gnr. 23 bnr. 117.

Jens Bjordal

